



Respons

Vietnam: Sosiale medium, ytringsfridom og sanksjonar

- Korleis og i kva grad følger vietnamesiske styresmakter med på sosiale medium? Kva risiko ligg det i å poste biletmateriale eller kritiske ytringar? Vil det kunne medføre forfølging?
- Kva typar eller grad av aktivitet medfører at styresmaktene set ein person under observasjon eller overvaking?
- Kva for reaksjonar kan deltaking i demonstrasjonar eller kritiske ytringar på nett gje? Kan ein til dømes få meldeplikt hos politiet og verte avhøyr?
- Er det mogleg å få utferda pass også om ein har drive opposisjonell verksemd?

Innleiing

Vi viser til Landinfo sin respons av 4. august 2017, «Vietnam: Regimekritikk». Det som står der om forbod mot kritikk av regimet og styresmaktene sine reaksjonar mot regimekritikarar, er framleis i stor grad gyldig. Om noko, har situasjonen vorte verre. Det har funne stad ein tilstramming av ytringsfridomen i landet dei siste par åra, og Human Rights Watch skriv i sin årsrapport for Vietnam i 2018 at

Vietnam's appalling human rights record worsened in 2018 as the government imprisoned dissidents for longer prison terms, sanctioned thugs to attack rights defenders, and passed draconian laws that further threaten freedom of expression.

I 2016 rekna Amnesty International at Vietnam hadde 84 samvitsfangar, medan i 2019 har dette anslaget – som ifølgje Amnesty er konservativt – auka til 128. Av desse 128 var nesten ti prosent personar som hadde uttala seg på sosiale media, som til dømes Facebook (Amnesty 2019).

Medan denne responsen vert skriven, er ankesaka til Nguyen Ngoc Anh oppe i National High Court i Ho Chi Minh City. I ein summarisk rettssak i juni 2019 vart han dømt til seks års fengsel for å ha kritisert vietnamesiske styresmakter på Facebook.

I løpet av dei første ti månadane av 2019 dømde vietnamesiske styresmakter minst 20 personar til mellom seks månader og ti år i fengsel for å ha kritisert regimet, argumentert for religionsfridom, forsvart grunnleggjande sivile og politiske rettar eller for å ha jobba mot korrupsjon, skriv HRW (2019a).

Menneskerettsorganisasjonar nyttar ofte sterke ord når dei omtalar Vietnam. Amnesty skriv om Vietnams «deeply repressive climate» (Amnesty 2019; Nguyen 2019), og Reporters Without Borders (RSF 2019) snakkar om «the level of terror». «No one is safe on Facebook in Vietnam anymore», uttala Amnesty sin Austasia-direktør, Nicholas Bequelin, i juni 2019 etter at dommen mot Anh fell.

Det er likevel viktig å nyansere dette biletet, for det er mogleg både å demonstrere og å uttale seg kritisk i Vietnam utan å verte arrestert – nokre gonger kan ein til og med få gjennomslag hjå styresmaktene.

Professor emeritus Benedict Kerkvliet ved Australian National University (ANU), som har studert vietnamesisk offentleg protest i over tjue år, skriv at:

By 2015, public political life in VN was teeming with bloggers, websites, petitioners, networks, and organizations criticizing major public politics, key institutions of the party-state, and the entire political system. These individuals and groups had become a prominent part of the country's expanding and diversifying civil society (Kerkvliet 2019, s. 92).

Uvisse om akkurat kva for handlingar eller ytringar som vil leie til sanksjonar, er karakteristisk for vietnamesisk sensur mot protest og dissidens. Lovtekstar, nyheitsformidling og annan informasjon om reaksjonar mot regime- eller samfunnskritikarar er ofte vag eller ufullstendig. Slik uvisse om styresmaktene sine reaksjonar bidrar effektivt til sjølvensur.

Ytringsfridomen vert avgrensa av styresmaktene si overvaking av sosiale medium

Sosiale medium som Facebook og Twitter er opne og tillate i Vietnam. Over halvparten av den vietnamesiske befolkninga, omkring 53 millionar menneske, har ifølgje The Diplomat (Nguyen 2019) ein eller fleire konti på sosiale medium. Dei fleste av desse er på Facebook, og dette gjer Vietnam til ein av verdas fremste Facebook-brukarar.

Vietnam vert stundom samanlikna med Kina, som har omfattande system på plass for å overvake og kontrollere aktiviteten på det kinesiske nettet. Vietnamesiske styresmakter forsøker også å overvake nettet og borgarane sin aktivitet der, men dei har ikkje den økonomiske styrken eller den tekniske kompetansen til å byggje eit like effektivt blokkerings-system som Kina sin såkalla Great Firewall (Bevins 2017; Phuong 2018).

Dette tyder likevel ikkje at vietnamesiske borgarar sine ytringar på nettet ikkje vert sensurert eller kan leie til sanksjonar. Som nemnt innleiingsvis, har det funne stad ei tilstramming i ytringsfridomen og andre demokratiske rettar dei siste par åra, og RSF (2019) skriv at

[...]as Vietnam's citizens become increasingly engaged online, the authorities have been refining their digital repressive methods. In December 2017, the military unveiled the existence of a 10,000-strong military cyber-warfare department called "Force 47," which is tasked with defending the Party and targeting dissident bloggers.

Den militære avdelinga F47 skal motarbeide «wrong views» på internett; dei skal være godt skolerte i propaganda, i å motarbeide «wrongful opinions », og i å hindre spreiding av misnøye og vestlege politiske idear og livsstil. Avdelinga slår også ned på oppfordringar om å utfordre Partiets leiarskap, skriv Reuters (Nguyen 2018) og The Diplomat (Phuong 2018).

Det avgrensar også ytringsfridomen at Facebook har gått med på å samarbeide med styresmaktene for å motverke at såkalla «ulovleg innhald» – mellom anna dei ovanfor nemnde «wrong views» – får publiserast på plattformar¹.

Ei ny Law on Cybersecurity vart innført 1. januar 2019. Loven pålegg utanlandske internettelskap, som Google og Facebook, å lagre brukardata og overlevere desse til styresmaktene på oppfordring. Facebook har i tillegg gått med på å fjerne falske profilar og «falskt innhald om høgt plasserte offentlege tenestepersonar» (Reuters 2018).

Facebook har lova styresmaktene å samarbeide med Kommunikasjons- og informasjonsdepartementet om handteringa av såkalla ulovleg innhald på plattformar. Facebook kommenterer avgjersla med at dei har etablert såkalla «community standards» som skal «encourage expression and create a safe community» på plattformar. Nokre gongar kan dei likevel verte nødt til å «remove or restrict access to content because it violates a law in a particular country, even though it doesn't violate our community standards», ifølgje ei talskvinne for Facebook (Nguyen 2018).

Dei siste seks månadene av 2018 fjerna Facebook meir enn 1500 innlegg på forespurnad frå styresmaktene, meir enn tre gonger så mange som i det føregåande halvåret. Både postar frå aktivistar, sivilsamfunnsorganisasjonar og privatpersonar vart fjerna (Freedom House 2019).

Med andre ord har vietnamesiske styresmakter i visst mon fått Facebook til å følgje med på Facebook for seg. Dette samarbeidet gjer at mange postar som vert sedde på som skadelege eller på anna måte uønskte («ulovlege»), vert fjerna. Dette skjer i langt høgare grad enn at personane som har posta dei, vert fjerna.

Vietnamesarar protesterer både ofte og på ulike måtar...

Trass i desse og fleire andre tiltak for overvaking og sensur, hevar vietnamesarar i dag ofte stemma offentleg. Både Facebook og vietnamesiske medium – sosiale som tradisjonelle – er fulle av kritiske ytringar mot kommunistpartiet, styresmaktene og ulike aspekt ved det vietnamesiske samfunnet. Kerkvliet (2019) ved ANU skriv at styresmaktene ofte reagerer på dette med «toleranse og positiv respons», og at dei ofte lèt borgarane uttale seg om problematiske tema – eller at dei ikkje evnar å stoppe dei.

Til dømes demonstrerte titusenvís av menneske i gatene i Hanoi, Ho Chi Minh-byen og andre byar i juni 2018. Dei protesterte mot eit lovforslag som skulle skape tre nye økonomiske spesialsonar der kinesiske selskap ville kunne leige tomter i opptil 99 år. Demonstrasjonane, samt nettkommentarane og -protestane som følgde med, vart etter kvart så omfattande at dei nasjonale styresmaktene trekte lovforslaget (Kerkvliet 2019).

Også tidlegare har styresmaktene gjeve etter for folkevilja. I 2015 streika 100 000 arbeidrar ved ein fabrikk i Ho Chi Minh-byen og fekk krava sine delvis innfridde frå nasjonale styresmakter. Same år marsjerte tusenar av Hanoi-innbyggjarar i gatene i protest mot at byens styresmakter ville hogge mange hundre tre i byen. «Sosiale medium sto i brann», skriv Vietnam News, ei engelskspråkleg, vietnamesisk nettavis, og til slutt måtte bystyresmaktene gje etter for folkepresset (Le 2015).

¹ Anna «ulovleg innhald» kan vere det styresmaktene definerer som «fake news» og oppfordringar til terrorisme.

I store demonstrasjonar følgjer det gjerne relativ tryggleik med den anonymiteten som eit stort tal deltakarar gjev. Men mange set også namnet sitt på ulike protestar. Sidan årtusenskiftet har fleire tusen vietnamesarar signert – og oversendt styresmaktene – både klagar på avgjersler (*petitions*) og krav om ytringsfridom, demokratiske fleirpartival og andre demokratiske rettar. Demokratiaktivistar har også drive bloggar, publisert i nettmagasin og aviser og skrive essays og bøker for å fronte sakene sine.

Mange av desse har ikkje vorte arresterte. Andre har vorte arresterte, men har teke opp att aktiviteten etter å ha sona ferdig, utan å verte arresterte på nytt. Atter andre har fått møte representantar for styresmaktene og fått framføre argumenta sine for dei (Kerkvliet 2019).

... men mange betaler ein pris

Det er altså ikkje slik at det med naudsyn er problematisk å påpeike negative ting ved samfunnet eller økonomien i Vietnam. Det tyder likevel ikkje at det er fritt fram. Vietnamesiske styresmakter har så absolutt slått ned på – og til mot – demokratiforkjempingar med både truslar, brutalitet og fridomsrøving. Særleg sidan 2017 har mange vorte fengsla.

Om kritiske ytringar vert reagerte mot, kjem mellom anna an på korleis kritikken er formulert, kven han er retta mot og kva grad av merksemd han får. Vidare vil det kunne vere avgjerande kva som er «sensitivt» på den aktuelle staden og tidspunktet. Har det til dømes akkurat skjedd eit giftutslepp i ei elv, kan det vere farlegare å snakke om vatnforureining der enn ein anna stad i landet. Det er ikkje alltid den reine politiske kritikken som er farlegast. Faremomentet kan òg liggje i at det truar lokale myndigheitspersonar sin økonomi, karriere eller omdømme, til dømes om det nemnde giftutsleppet var forårsaka av ein fabrikk som lokale myndigheitspersonar har direkte eller indirekte økonomiske interesser i og som dei kanskje derfor har latt bryte reglane.

Nokre stader kan styresmaktene, eller enkeltpersonar innanfor styringsapparatet, vere ivrigare i tenesta enn andre. Eller motsett, nokre stadar kan dei sjå det som formålstenleg å være «slakkare» med den politiske kontrollen. Dette kan vere styrt av personlege karrieremotiv eller andre meir opake beveggrunnar som ikkje er openberre for offentlegheita.

Styresmaktene vil alltid følgje med på store hendingar, anten det er demonstrasjonar, organisering av grupper utanfor deira kontroll (på nett eller i samfunnet elles) eller publikasjonar/bloggar som tiltrekk seg store mengder lesarar/følgjarar. Kritikk av regime og politikk, såkalla *land grab protests*², visse typar postar på sosiale medium, ulike typar og grader av religiøs aktivitet osv. er typisk risikoåtfærd (sjå til dømes USDS 2019).

Tilhøyrsløse til enkelte etniske minoritetar, til dømes hmong eller ei av gruppene under fellesnemninga montagnards, kan i seg sjølv auke risikoen for trakassering frå styresmaktene.

I Landinfo sin respons frå 2017 vert det vist det til at mange vietnamesarar er kritiske til regimet og/eller til spesifikke tiltak og føresegner, og at det ofte må noko «ekstra» til før ein vert arrestert eller får andre sanksjonar mot seg. Dette «ekstra» kan til dømes vere

- at ein er eller vert oppfatta som ein organisator bak demonstrasjonar eller andre større hendingar

² Styresmaktene i Vietnam konfiskerer mange stader land frå bønder og andre innbyggjarar, for å konvertere det til kommersielt bruk. Ofte forårsakar dette protestar frå dei som mister jorda si, til dømes fordi dei kjenner seg mangelfullt kompensert.

- at ein er ein profilert og/eller karismatisk talsperson
- at ein ikkje berre postar noko på nett, men får mange klikk og kan sjåast som ein influensar
- at dei ein har kritisert, ikkje er kven som helst, men nokon som har noko å tape (makt, ansikt eller fortene)
- at emnet er sensitivt, eller at tid og stad gjer det sensitivt der og då
- at styresmaktene har gjort feil eller begått korrupsjon, og derfor vil beskytte seg sjølv.

Så «vanlege folk» kan ofte tillate seg ein del. Samstundes må vi hugse at ikkje alle arrestar og sanksjonar vert offentleg kjende. Washington Post (Bevins 2017) skriv at:

This sentiment — you can probably say what you want, as long as you aren't famous — can be heard often in Vietnam. But [Janice] Beanland [at Amnesty International] said that even if most of the arrests that get attention are of high-profile dissidents, there may be much more going on that does not make headlines.

"It appears that there have been more arrests recently. But what we hear about may just be the tip of the iceberg," she said.

Reaksjonar mot opposisjonelle generelt

Her viser vi til Landinfo sin respons av 4. august 2017. Reaksjonsformene har ikkje endra seg nemneverdig sidan. Reaksjonane varierer frå åtvaringar, via ulike former for trakassering av personen sjølv og/eller familiemedlemmer, til såkalla husarrest og i verste fall lange fengselsstraffer. I sistnemnte tilfelle kan regimekritikarar verte anklaga og fengsla etter den reviderte Straffelova §§ 109, 117 eller 331 (tidlegare §§ 79, 88, 258) som høvesvis kriminaliserer «activities aimed at overthrowing the government», «anti-state propaganda» og «abusing the rights to freedom and democracy to threaten the interests of the state» viss styresmaktene ser dei som meir eller mindre alvorlege truslar. Men også skuldinger for skatteunndraging eller andre typar økonomisk lovbrøt/kriminalitet vert nytta for å bringe kritikarar til taushet.

Sanksjoner kan også illeggast utan lov og dom. Mellom anna kan politiet utsetje dissidentar for langvarige og trakasserande forhøyr, og/eller halde dei incommunicado i månadsvis utan tilgang til korkje advokatbistand eller familiemedlem – såkalla husarrest. Politiet samarbeider tilsynelatande også med såkalla «thugs», som utsett aktivistar og andre for fysiske angrep og vald utan å verte straffefølgd (HRW 2019b; RFA 2019; USDS 2019).

Meldeplikt som sanksjon mot opposisjonelle

Landinfo har ikkje kjennskap til kor ofte eller breitt meldeplikt vert brukt og overfor kven. Mest sannsynleg vil ei slik sanksjonsform opne for bruk av skjønn, kanskje vil ho òg vere vilkårleg.

Meldeplikt som sanksjon vert nemnt i nokre rapportar frå litt tilbake i tid. Mellom anna fortel Anh J. Cao og Mr. Tien Tran, høvesvis «tidlegare kongressmedlem» og «offer for religiøs forfølging», om fleire tilfelle av meldeplikt (Committee of Foreign Affairs 2013). Dette gjaldt tre demokratiforkjemparar og eitt medlem av ein katolsk kyrkjelyd.

Det er nok ikkje uvanleg at ei eventuell meldeplikt vert kombinert med avhøyr. Mangeårig journalist i Los Angeles Times, John M. Glionna, skreiv i 2006 om aktivisten Do Nam Hai, som mellom anna var medforfattar på eit manifest for meir demokrati i Vietnam, at «[e]very

day for weeks, he was required to report to police headquarters for daily interrogations». Kvar dag vart han stilt dei same spørsmåla – om kven kontaktane hans var og kvar dei oppheldt seg.

Mellom anna fordi denne sanksjonstypen ikkje alltid har ein tydeleg heimel, veit vi heller ikkje kor lenge folk eventuelt vert verande underlagt meldeplikt. Hai, aktivisten som Glionna (2006) skriv om, måtte melde seg «for weeks», men ein dag bestemte han seg for at han ikkje orka meir, og då berre slutta han å møte opp. Etter det greidde han å unngå styresmaktene sine agentar: «Nothing has happened to me yet. But I know they are out there».

Også regimekritikarar kan få pass

Det hender at personar som vert oppfatta som opposisjonelle, ikkje får utferda pass eller på anna vis vert hindra i å forlate Vietnam. Til dømes skriv HRW (2019) at

The government prohibited many dissidents and human rights defenders from traveling abroad. In March, police barred dissident poet Bui Minh Quoc from leaving Vietnam for the United States. In May, police barred human rights activist Father Dinh Huu Thoai from leaving Vietnam for a personal trip to the US, and labor activist Do Thi Minh Hanh from leaving for Germany. In June, police prohibited Father Nguyen Duy Tan from leaving for Malaysia. In August, the police denied the issuance of a passport to former political prisoner Le Cong Dinh without explanation. In September, police detained Dr. Nguyen Quang A for hours to prevent him from leaving for Australia. According to him, this was his 18th detention by police since March 2016.

Dette er med andre ord ei ganske vanleg reaksjonsform mot profilerte dissidentar.

Det tyder ikkje dermed med naudsyn at vietnamesiske styresmakter hindrar alle kritikarar i å få pass. For det første er det ikkje sikkert at det er teknisk mogleg for vietnamesiske styresmakter å sentralisere informasjon om innbyggjarane slik at det mogleggjer passnekt for alle som på noko vis har kritisert regimet. Dernest vil nok mange passere under radaren, for som det går fram ovanfor, er det ganske vanleg å kritisere stat og styresmakter. Det vil nok vere i staten si interesse å hindre passutferding og/eller utreise for svært profilerte regimekritikarar, men slik Landinfo ser det, vil ikkje vietnamesiske styresmakter sjå det som korkje økonomisk eller politisk-administrativt formålstenleg å skulle nekte alle kritiske røyster pass.

Eininga for landinformasjon i utlendingsforvaltninga (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om.

Landinfos responsar er baserte på opplysningar frå nøye utvalde kjelder. Opplysningane er handsama i samsvar med [anerkjende kvalitetskriterium for landinformasjon](#) og [Landinfos retningslinjer for kjelde- og informasjonsanalyse](#).

Responsar frå Landinfo er svar på konkrete spørsmål som Landinfo har fått frå saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga. Slike responsar er ikkje meint å vere utfyllande utgreingar av eit tema. Responsar er utarbeidde med knappe fristar, og kjeldetilfanget er ikkje alltid like breitt som i temanotata våre.

Landinfo er ei fagleg uavhengig eining, og informasjonen som vert presentert, kan ikkje takast til inntekt for eit bestemt syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Landinfos responsar er heller ikkje uttrykk for det synet norske styresmakter har på tilhøva og landa som responsane handlar om.

Respons Vietnam: Sosiale medium, ytringsfridom og sanksjonar

Referansar

Skriftlege kjelder

- Amnesty International (2019, 5. juni). *Viet Nam: Sham trial shows authorities 'abusing Facebook' to silence criticism*. London: Amnesty International. Tilgjengeleg frå <https://www.amnesty.org/en/latest/news/2019/06/viet-nam-sham-trial-authorities-abusing-facebook-silence-criticism/> [lasta ned 27. november 2019]
- Bevins, V. (2017, 4. september). Apparent crackdown in Vietnam on social media, but many users undeterred. *Washington Post*. Tilgjengeleg frå https://www.washingtonpost.com/world/asia_pacific/apparent-crackdown-in-vietnam-on-social-media-but-many-users-undeterred/2017/09/03/abf4b3b8-8e62-11e7-91d5-ab4e4bb76a3a_story.html [lasta ned 27. november 2019]
- Committee of Foreign Affairs, House of Representatives (2013, 11. april). *Highlighting Vietnamese Government Human Rights Violations in Advance of The U.S.–Vietnam Dialogue*. Washington DC: Committee of Foreign Affairs, House of Representatives. Tilgjengeleg frå <https://www.govinfo.gov/content/pkg/CHRG-113hhrg80363/pdf/CHRG-113hhrg80363.pdf> [lasta ned 27. november 2019]
- Freedom House (2019, 5. november). *Freedom on the Net 2019. Vietnam*. Washington DC: Freedom House. Tilgjengeleg frå <https://www.freedomofthenet.org/country/vietnam/freedom-on-the-net/2019> [lasta ned 27. november 2019]
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2019a, 6. november). *Vietnam: Free Activist Jailed for Facebook Posts*. New York: Human Rights Watch. Tilgjengeleg frå <https://www.hrw.org/news/2019/11/05/vietnam-free-activist-jailed-facebook-posts> [lasta ned 27. november 2019]
- HRW (2019b, 17. januar). *World Report 2019. Vietnam – Events of 2018*. New York: Human Rights Watch. Tilgjengeleg frå <https://www.hrw.org/world-report/2019/country-chapters/vietnam> [lasta ned 27. november 2019]
- Kerkvliet, B.J.T. (2019, 23. august). Citizens are speaking out in Vietnam. *East Asia Forum*. Tilgjengeleg frå <https://www.eastasiaforum.org/2019/08/23/citizens-are-speaking-out-in-vietnam/> [lasta ned 27. november 2019]
- *Law on Cybersecurity* (2018, 31. oktober). Tilgjengeleg frå <https://www.allens.com.au/globalassets/pdfs/insights/asia/cuviet13nov18.pdf> [lasta ned 27. november 2019]
 - Uoffisiell omsetjing av 2. utkast.
- Le, T.H. (2015, 26. mars). Tree-felling fiasco: symptom of a deep-rooted problem. *Viet Nam News*. Tilgjengeleg frå <https://vietnamnews.vn/opinion/op-ed/268085/tree-felling-fiasco-symptom-of-a-deep-rooted-problem.html#O64kTxxRoCmT2CTl.97> [lasta ned 27. november 2019]
- Nguyen, M. (2018, 10. april). Vietnam activists question Facebook on suppressing dissent. *Reuters*. Tilgjengeleg frå <https://www.reuters.com/article/us-facebook-privacy-vietnam/vietnam-activists-question-facebook-on-suppressing-dissent-idUSKBN1HH0DO> [lasta ned 27. november 2019]
- Nguyen, T. (2019, 4. januar) Vietnam's Controversial Cybersecurity Law Spells Tough Times for Activists. *The Diplomat*. Tilgjengeleg frå <https://thediplomat.com/2019/01/vietnams-controversial-cybersecurity-law-spells-tough-times-for-activists/> [lasta ned 27. november 2019]
- Phuong, N. T. (2018, 10. januar). The Truth About Vietnam's New Military Cyber Unit. *The Diplomat*. Tilgjengeleg frå <https://thediplomat.com/2018/01/the-truth-about-vietnams-new-military-cyber-unit/> [lasta ned 27. november 2019]
- RFA, dvs. Radio Free Asia (2019, 12. juli). Family Members, Activists Beaten by 'Thugs' During Vietnam Prison Visit. *Radio Free Asia*. Tilgjengeleg frå <https://www.rfa.org/english/news/vietnam/thugs-07122019185450.html> [lasta ned 27. november 2019]

Respons Vietnam: Sosiale medium, ytringsfridom og sanksjonar

- USDS, dvs. U.S. State Department (2019, 13. mars). *2018 Country Reports on Human Rights Practices: Vietnam*. Washington DC: U.S. State Department. Tilgjengeleg frå <https://www.state.gov/reports/2018-country-reports-on-human-rights-practices/vietnam/> [lasta ned 27. november 2019]

© Landinfo 2019

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.